

RETNINGSLINJER FOR TRANSPORTORDNINGA FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE MØRE OG ROMSDAL

Gjeldande frå 1. juli 2026

1.	Generelt om TT-ordninga	2
2.	Godkjenning som TT-brukar i Møre og Romsdal	2
2.1.	Vilkår for å bli godkjent som TT-brukar	2
2.2.	Søklarar som unntaksvis kan bli godkjende som TT-brukarar	2
2.3.	TT-ordninga dekkjer ikkje	2
2.4.	Brukar som ikkje lenger fyllar godkjenningvilkåra	3
2.5.	TT- kort som ikkje nyttast	3
3.	Søknad om brukargodkjenning	3
4.	Godkjenningsperiode	3
5.	Reisestøttebeløp	3
6.	Budsjett-tak	3
7.	Eigenandel	3
8.	Bruk av elektroniske TT-kort	3
9.	Endra forhold og brot på retningslinjene	4
10.	Endring av eksisterande brukargodkjenning	4
11.	Delegasjon	4
12.	Iverksetting	4
13.	Overgangsordning	4

1. Generelt om TT-ordninga

Transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) er ikkje ein lovfesta rett.

Ordninga er eit tilbod om drosjetransport til innbyggjarar i Møre og Romsdal, som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk nedsett funksjonsevne og difor ikkje kan nytta det ordinære kollektive rutetilbodet.

Transportordninga er meint å kompensera for dei meirutgifter personar med varig forflyttingshemming har til fritidsreiser og andre reiser som ikkje vert dekkja av statlege eller kommunale ordningar.

I St.meld. nr. 92 (1984 - 85) "Om transport av funksjonshemmede" er funksjonshemma definert slik: "Som funksjonshemmet regnes person som ikke uten vesentlige vanskeligheter kan bruke vanlige kollektive transportmidler."

Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknad om TT-ordning. Og som hovudregel vektleggjast ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, bratte bakkar eller lang veg til haldeplass.

2. Godkjenning som TT-brukar i Møre og Romsdal

2.1. Vilkår for å bli godkjent som TT-brukar

- a) Søkjaren må vere folkeregistrert i Møre og Romsdal
- b) Søkjaren må, på bakgrunn av funksjonsnedsetjinga, vere ute av stand til eller ha vesentlege vanskar med å nytte offentleg transportmiddel. Som offentleg transportmiddel meinast og servicelinjer, bestillingstransport eller liknande tilrettelagt transporttilbod.
- c) Funksjonsnedsetjing etter bokstav c) er til dømes personar med varig forflyttingshemming (orienteringsvanskar, rørslevanskar-/flyttingsvanskar og skjulte funksjonsvanskar), rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte (sjå WHO sin definisjon på blind/sterkt svaksynt).
- d) Nedre aldersgrense for brukargodkjenning til TT-ordninga er 10 år.

2.2. Søkjarar som unntaksvis kan bli godkjende som TT-brukarar

- a) Søkjar i heildøgns omsorg/institusjon, som elles fyllar vilkåra for godkjenning som TT-brukar, kan godkjennast på individuelt grunnlag om søkjar etter søknad kan dokumentere eit behov for reisestøtte til fritidsreiser, etter vilkåra i punkt 2.1.
- b) Søkjar som har eigen bil frå NAV, grunnstønad til transport eller bilstønad etter folketrygdlova eller privat bil kan godkjennast på individuelt grunnlag om søkjar etter søknad dokumenterer eit behov for reisestøttebeløp utover det å ha eigen bil, grunnstønad eller bilstønad etter vilkåra i punkt 2.1.

2.3. TT-ordninga dekkjer ikkje

Reiser som vert dekt av andre tilskotsordningar, til dømes:

- Reise til og frå arbeids- og utdanningstilbod, reise til og frå lege/sjukehus eller anna behandlingstilbod.
- Reiser som vert betalt av NAV (eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning).
- Andre reiser betalt av det offentlege.

2.4. Brukar som ikkje lenger fyllar godkjenningvilkåra

I tilfelle der TT-brukar ikkje lenger fyllar godkjenningvilkåra, fell godkjenninga som TT-brukar bort.

2.5. TT- kort som ikkje nyttast

Er ikkje TT- kortet nytta over ein samanhengande periode på 12 månader, vert godkjenninga som TT-brukar trekt tilbake og kortet sperra. Brukar må då søkja på nytt og setjast på venteliste.

3. Søknad om brukargodkjenning

For å bli vurdert som TT-brukar i Møre og Romsdal si TT-ordning må søker sende søknad til **Møre og Romsdal fylkeskommune** på fastsett søknadsskjema og leggje ved legeerklæring.

Fylkeskommunen sakshandsamar søknadar om reisestøtte i TT-ordninga, godkjenn personar innanfor ramma av brukartaket og registrerer fortløpande brukarar inn i og ut av ordninga.

Vedtak om brukargodkjenning, til dømes vedtak om avslag på brukargodkjenning og vedtak om oppheving av brukargodkjenning, er eit einskildvedtak med klagerett jfr. forvaltningslova.

Fylkeskommunen sine klageorgan er klageinstans.

Fylkeskommunen har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for TT-ordninga. Spørsmål om tolking av retningslinjene leggjast fram for fylkeskommunen.

4. Godkjenningssperiode

Vedtak om godkjenning som TT-brukar vert gjeve for ei periode på 2 år, maks 5 år for brukarar som har større funksjonsnedsetjing.

5. Reisestøttebeløp

Reisestøttebeløpet er uavhengig av reiselengd og er på 4 500 kroner frå kalenderåret 2026.

Reisestøttebeløpet som er disponibelt for tildeling av TT-midlar fastsettast kvart år i det fylkeskommunale budsjettet for Ramme 68.

6. Budsjett-tak

Reisestøttebeløpet i budsjettet for Ramme 68 i TT-ordninga til fylket blir fordelt til kvar kommune etter ei prosentvis **fordeling ut frå folketal og alderssamansetting.**

7. Eigenandel

Frå 1. januar 2024 må brukar betale 40 kroner i eigenandel på kvar tur. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet.

8. Bruk av elektroniske TT-kort

- a) Kortet skal brukast som delbetaling for TT-transport.
- b) Kortet er først og fremst til bruk i Møre og Romsdal, men gjeld i heile Noreg.
- c) TT-kortet kan berre nyttast til reiser med køyretøy som har taksameter, eller godkjent alternativ kontrollutrustning.

- d) Kortet er personleg, påført namn og brukarnummer - og kan ikkje overlatast til andre.
- e) Kortet skal brukast saman med godkjent legitimasjon.
- f) Kortet er knytt opp mot ein personleg reisekonto.
- g) Så lenge ein er godkjent brukar av ordninga vert beløpet på reisekontoen fylt opp to gonger pr. år, den 1. januar og den 1. juli.
- h) Saldo på kortet vert nullstilt kvart år den 1. januar.
- i) Vert reisekontoen overtrekt ein periode, kjem overtrekt beløp som fråtrekk for tildelinga i neste periode.
- j) Kortet skal brukast så lenge brukaren er med i ordninga, og kortet skal behandlast som eit bankkort.
- k) Dersom kortet vert skada, kan ein bestille nytt. Kostnaden for det nye kortet vert belasta brukaren sin reisekonto.

9. Endra forhold og brot på retningslinjene

Brukar skal melda frå til fylkeskommunen om tilhøve som endrar føresetnaden for godkjenninga.

Godkjenninga kan kallast tilbake om brukar ikkje rettar seg etter regelverket. Ved eit tilbakekall kan brukaren også stengjast ute frå TT-ordninga i inntil 2 år.

Misbruk av TT-kortet kan medføre tap av godkjenning som TT-bruker.

10. Endring av eksisterande brukargodkjenning

Eksisterande retningslinjer for brukargodkjenning kan på eit kvart tidspunkt bli endra etter politiske vedtak.

11. Delegasjon

Samferdselsdirektøren administrerer transporttenesta i samsvar med desse retningslinjene og etter økonomiske rammer fastsett av fylkestinget/samferdselsutvalet.

Samferdselsdirektøren har fullmakt til å inngå avtale med andre instansar om administrasjon av delar av transporttenesta.

Samferdselsdirektøren har fullmakt til å godkjenne mindre vesentlege fråvik frå retningslinjene. Slike fråvik må rapporterast til samferdselsutvalet.

Samferdselsdirektøren må halde samferdselsutvalet orientert om bruken av tilskotsramma.

12. Iverksetting

Desse retningslinjene trer i kraft etter vedtak av fylkestinget i Møre og Romsdal.

Dei endra retningslinjene trer **i kraft frå 1. juli 2026 og dei tidlegare retningslinjer gjeldande frå 1. januar 2025 vert samstundes oppheva.**

13. Overgangsordning

Punktet blir teke bort